

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		18/2

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2018	Formannskapet	PS	29.01.2018

### Orienteringssaker

#### Underliggjande saker:

Saksnummer	Tittel
004/2018.1	Folkehelseoversikt - Modalen kommune 2017.

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

### Formannskapet - 004/2018

#### FOR - behandling:

Ass. rådmann Ove Sæbø orienterte om status i saka om hurtigladar for elbil på Mo. Dersom prosjektet skal realiserast vert det naudsynt at Modalen kommune er med på å finansiere kostnadane, anslagsvis med ca 250 000 kr. Det vert laga eiga sak på dette som kjem opp i neste møte i Næringsfondsstyret.

Rådmannen informerte om endringar i administrasjonen. Osterøy kommune seier opp avtalen ang kjøp av økonomisjef, slik at Modalen kommune må tilsetje eigen økonomisjef. Stillinga vert lyst ut snarleg.

Kristin Nåmdal informerte om at Ungdomsrådet i Modalen ynskjer å involvere seg meir i politiske saker og presentere seg for kommunestyret. Formannskapet foreslo at Ungdomsrådet kjem på kommunestyremøtet 22. mars.

Kjetil Eikefet stilte spørsmål ved om det er driftsproblem og ustabilitet knytta til bowlingsbanene på Bryggeslottet. Han hadde fått tilbakemeldingar på at bowlingbanene i periodar ikkje virkar slik dei

skal, og at tilreisende kundar av og til ikkje hadde fått spele grunna tekniske problem. Administrasjonen undersøker saka og kjem med tilbakemelding på neste møte. Kristin Nåmdal stilte spørsmål om status i saka om opprydding av Sæten og tilbakeføring til jordbruksland. Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik informerte om at Landbrukssjef Laila Bjørge er på saka, og at teknisk etat er i gang med arbeidet. Det har vore kontakt og befaring i lag med grunneigar.

**FOR - vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

**Vedlegg:**

Folkehelseoversikt - Modalen kommune 2017.